



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Protokoll Kviteseid sokneråd

Tid: Torsdag 4.september 2025 kl. 18.00 – 20.00

Stad: Kyrkjestoga

Innkalling: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Maria Nese Taxerås (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid, Prost Asgeir Sele,

Førfall: Tarjei Draugedal og Dagfinn Køhn

Kopi vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Opningsord ved Sigrun Lønning Solvang.

Servering ved kontoret, Marit Sørby.

Oversikt over saker:

SR-sak 29.25	Innkalling og saksliste
SR-sak 30.25	Post og meldingar
SR-sak 31.25	Møtedag og tidspunkt – møteplan for hausten 2025
SR-sak 32.25	Tilsetting av vikar i svangerskapsvikariat
SR-sak 33.25	Jubileum tilsett

Kviteseid, 2025

Marit Sørby

Soknerådsleiar

Maria Nese Taxerås

Kyrkjeverja

SR-sak 29.25	Innkalling og saksliste	
Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt? Nokre sakar vert lagt til som eventuelt sakar på slutten av møtet. Det siste referatet er lagt ved innkallinga. Merknader til siste referat? Igjen merknader. Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat. VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat.		
SR-sak 30.25	Post og meldingar	
1. Arrangement sidan sist ordinære SR: - Friluftsgudsteneste på Nystaul. Mange som kom, fint vår og ei flott samling. - Kveldsandaktar i Kviteseid gamle kyrkje i sommar. Ikkje alltid så mykje folk, men veldige trivelege og stemningsfulle samlingar. 12 -20 personar tilstades. Ein bør annonsere meir for arrangement i kyrkja, spesielt på somaren. 2. Planlagde arrangement: - Gullkonfirmantfest søndag 19.oktober. Komité for dette vart sett på sist møte. Sigrunn S. L. utfordrar nokon av gullkonfirmantane til å vere ansvarleg for litt program på festen. - Kyrkjelydsbasar 29.november – same komité som tidlegare år. Dei trekkjer inn andre der det trengs. - Utdeling av 4-års bok 21. september. Det vert òg utdeling av 4-ås bok i Vrådal søndag 7.september. - Andaktar på KOS og Midtsundtoppen 10.sept, 1.okt, 5.nov og 10.des - Føremiddagstreff på Misjonshuset 24.sept, 29.okt, 26.nov og 3.des - Felles songmøte 28.sept i Kviteseid kyrkje kl.18.00. Song av Fredheim-koret, som frå lokale krefter og allsong. 3. Minnelunden er ferdig stilt, og søknad om godkjenning er sendt. Dette vart gjort før somaren, men nokre naudsynte dokument vart sendt i feil format, og søknaden er difor førebels berre godkjend med føresetnad om at naudsynte dokument vert sendt i riktig format. Desse er sendt inn av ny kyrkjevevje, men vi har ikkje motteke noko svar på dette. Minnelunden vert teke i bruk så snart som råd, då det er ei urne på vent. Dato for opning vert sett til 21.september. 4. Søknad om fjerning av benkar i Vrådal kyrkje er godkjend. Dette arbeidet vil bli utført i haust / vinter. 5. Søknad om å lage ein ny altarduk i Kviteseid gamle kyrkje er godkjend. Arbeidet med denne vert sett i gong så snart som råd. Marit tek kontakt.		

6. Kyrkjevevja legg til rette for å kunne ha heimekontor på dagar der dette er naudsynt.		
SR-sak 31.25	Møtedag og tidspunkt – møteplan for hausten 2025	
Forslag om å endre møtedag til måndagar og/eller klokkeslett til kl.17.00. Med denne endinga vert forslag til møtedatoar hausten 2025: 6.oktober, 3. november, 8. desember Dersom møta framleis vert på torsdagar er forslag til møteplan: 9.oktober, 13.november, 11.desember. VEDTAK: Møtedag vert endra til måndag og tidspunkt til k. 17.00. Møteplan for hausten vert 13.oktober, 3.november og 8.desember.		
SR-sak 32.25	Tilsetting av vikar	
Dersom alt går som det skal går kyrkjevevja Maria Nese Taxerås ut i svangerskapspermisjon frå 4.november. Permisjonen kjem til å vare omtrent eitt år. Mogelege personar til eit vikariat: Ove Henning Berrefjord – var inne på intervju i vår Bjørnar Christensen – vist interesse for å ha stillinga ved sidan av studiar Hans Christian Borstad – har tidlegare vore inne i andre vikariat som kyrkjevevja, driv no som bonde. Stillinga bør uansett lysast ut, og det bør skje så fort som råd. VEDTAK: Det lysast ut svangerskapsvikariat som kyrkjevevja i ein 50 – 100% stilling, der ein nyttar same utlysningstest som sist. Kyrkjevevja lyser ut stillinga, og til ei intervjurunde vert det nytta same tilsetjingskomité som sist. Det lysast ut ein stilling som kyrkjelydspedagog / kyrkjelydsarbeidar i 30 – 50% stilling, men mogelegheit om å kombinera dei to stillingane dersom ein ynskjer det.		
SR-sak 33.25	Jubileum tilsett	
Jan Gunnar Haugen har i år vore tilsett i Kviteseid sokn i 25 år. Det er då vanleg å gje ei merksemd frå arbeidsgjevar. Det vart lagt fram av tidlegare kyrkjevevja at ein medalje frå Norges Vel til kr 5000,- har vore nytta tidlegare. Ein annan mogelegheit er å gje den tilsette ein gåvekort eller liknande med den same summen. Det må planleggjast korleis den tilsette skal få denne merksemda. VEDTAK: Jan Gunnar Haugen får eit gåvekort frå ynskja plass i tillegg til eit dokument/diplom. Dette vert overrekt under jolekonserten sundag 14.desember i Kviteseid kyrkje.		

Eventuelt:

Høyringsvar på saka om å etablera Ønsket og Elsket som frivillig ungdomsorganisasjon.

Ingen merknadar til høyringsdokumentet.